



Rettleiar – Forenkla prosess

Innhald

Kva er ein forenkla prosess?.....	1
Prosesen.....	2
1. Oppstart av planending	2
2. Kommunal behandling av forslaget.....	2
3. Endeleg godkjenning.....	2
Krav til komplett planforslag	3
Følgelbrev.....	3
Plankart og arealplanID.....	3
Planskildring.....	4

Kva er ein forenkla prosess?

Ei reguleringsending følgjar i utgangspunktet same regler som ved utarbeiding av ny detaljreguleringsplan. For nokre reguleringsendingar er det mogleg å handsame saka etter ei forenkla prosess¹, jf. plan- og bygningsloven §12-14. Dette er endringar som:

- a) I liten grad råke ved gjennomføringa av planen for øvrig.
- b) Ikkje gå utover hovudrammene i planen
- c) Ikkje vere omstridt eller konfliktfull
- d) Ikkje råke ved viktige natur- eller friluftsområde

Kva endringar som kan bli behandla etter ei forenkla prosess må bli vurdert i kvar sak. [Rundskriv H-6/17](#) er rettleiande for denne vurderinga. Ein kan legge til grunn at eventuelle endringar må som eit minimum:

- Vere i tråd med statlege, regionale eller kommunale planar og retningslinjer
- Ikkje medføre vesentlege konsekvensar for andre saker som gjer det naudsynt å sjå endringa i ein større samanheng.
- Ikkje råke viktig infrastruktur.
- Ikkje få vesentlege innvendingar innan uttalefrist.

Austevoll kommune har tidlegare godkjent endringar etter ein forenkla prosess som går ut på å:

¹ Tidlegare omtala som “mindre endring” etter eldre lovverk.

- Bytte om på plassering av arealføremål.
- Justering av grenser og arealformål.
- Oppdatering av plankartet etter gjeldande dispensasjonar.
- Legge inn byggegrense til sjø.

Reguleringsplanar med heimel i pbl. 1985 eller eldre lovar vil i utgangspunktet ikkje kunne bli behandla etter ein forenkla prosess ettersom det er naudsynt å oppdatere planen i tråd med ny lov og dagens føringar.

Prosess

Ein forenkla prosess består av tre trinn:

1. Oppstart av planendring

Forslagsstillar må ta kontakt med fagkyndig plankonsulent. Plankonsulenten fremmer forslag om reguleringsendring etter forenkla prosess til postmottak@austevoll.kommune.no. Ved mottak av forslag til endring vil kommunen vurdere om endring kan handsamast etter ein forenkla prosess.

Det er ikkje krav til oppstartsmøte med påfølgande referat, men det kan bli arrangert dersom kommunen eller forslagsstillar vurderer det som naudsynt. Dersom ein er usikker på om endringa kan bli behandla som ein forenkla prosess er det anbefalt at ein tingar oppstartsmøte før ferdigstilling og innsending av komplett planmateriale. Oppstartsmøte vert ilagt gebyr.

Det vil alltid bli gjeve eget saksnummer for endring av plan.


2. Kommunal behandling av forslaget

Når kommunen har motteke eit [komplett planforslag](#) vil kommunen behandle forslag til endring av plan. Ved positivt vedtak må saka bli sendt til offentlege instansar, eigarar og gjenboarar som blir direkte råka for uttale. Uttalefrist vil vere 4 veker. Plankonsulent vil vere ansvarleg for gjennomføring.

3. Endeleg godkjenning

Ved utløpt uttalefrist vil plankonsulenten oversende innkomne merknader, vurdering av merknader og eventuelt revidert planmateriale. Dersom det er kome inn vesentlege merknader til planforslaget kan dette bety at reguleringsplanen må handsamast som ei ordinær endring. Viss ikkje, kan planendringa bli ferdigstilt og sendast til endeleg godkjenning i kommunestyret.

Det er tre vekers klagefrist på godkjenningsvedtaket. Etter at klagefrista er utløpt vil kommunen oppdatere digitalt planregister.



Figur 1: Visualisering av planprosess

Krav til komplett planforslag

Kva planmateriale som må bli sendt inn for at endringsforslaget skal vere komplett avhenger av dei konkrete endringane. Dette vil bli avtalt med sakshandsamar i kvar enkelt sak. Minstekravet vil vere søknadsskjema, revidert plankart, reguleringsføresegner og planskildring.

Søknadsskjema

Kommunen ber om at det blir oversendt eit følgebrev som skildrar:

1. Bakgrunn for planendringa
2. Omsøkte endringar
3. Vurdering av kriteria etter plan- og bygningslova §12-14 andre ledd:
Det må bli skildra kvifor endringa(ne) oppfyller dei tre kriteria. Det er ikkje tilstrekkeleg å konkludere utan grunngjeving.
4. Plan for varsling og medverknad
5. Vedlegg

Kommunen har utarbeida eigen mal for søknad om endring etter forenkla prosess.

Plankart og arealplanID

Endringa skal omfatte heile den opphavslege reguleringsplanen og ha same arealplanID.

Plankart skal bli levert inn i SOSI versjon 4.1 eller nyare.

Gjeldande teiknereglar skal bli nytta, med mindre endringa berre gjeld flytting/justering av eksisterande element i den eldre planen (t.d. føremålsgrensar, byggegrensar eller endre juridisk tekst som feltnamn og grad av utnytting). I slike tilfelle blir det ikkje innført nye element i planen og man kan nytte dei opphavslege arealbrukskoder med tilhøyrande teiknereglar. Forutsetninga for å kunne unnlate omkodning av heile planen er at endringane ikkje krevjar at man innfører nye objekttypar eller eigenskaper i planen.

Det er ikkje mogleg å ha eit plankart som inneheld koder og detaljeringsgrad etter gamal og ny plan- og bygningslov.

Ta kontakt med AUKAS for bestilling av basiskart og plandata på SOSI-format (post@aukas.no).

Endring av plan som er vedtatt etter eldre lovverk

Det tildeles eigen arealplan-ID for endringa. Føresegner skal oppdaterast i tråd med ny plan- og bygningslov. Teiknereglane i gjeldande plan- og bygningslov (pbl) skal bli nytta (sjå under).

Endring av plan i raster- eller papirformat

Dersom gjeldande plankart er i rasterformat, skal plankartet fulldigitaliserast i SOSI-format. Delendring av planen burde unngåast.

Føresegner

Gjeldande føresegner skal bli oppdatert og oversendt kommunen i word- og pdf-fil. Revisjonsdato, saksnummer, arealplanID, og vedtaksdato for endringa skal gå fram av føresegna.

Endringar i føresegna skal vere synleggjort. Føresegner som skal strykast markerast med gjennomstreking. Nye føresegner skal markerast med raud skrift. Funksjon «spor endringar» i Word kan bli nytta. Når planendringa blir godkjent vil føresegner med gjennomstreking bli tatt ut, og raud skrift bli omgjort til svart for tilførde føresegner.

Planskildring

Planskildringa skal innehalde ein oversikt og skildring av endringane, behovet for og konsekvensane av desse. Dette inkluderer ei vurdering av endringsforslagetets konsekvensar for naturmangfald, universell utforming, barn og unges interesser, og forholdet til pbl. §12-14. Dersom det ikkje ligg føre ei planskildring må ei forenkla skildring bli sendt inn.

Det må gjerast ei konkret vurdering på behovet for oppdatering av risiko- og sårbarheitsanalysa (ROS-analysa).

Dersom planendringa får verknader for løysing for vatn og avløp må det bli sendt inn ein oppdatert VA-rammeplan. Dersom det ikkje ligg føre rammeplan for gjeldande plan må VA-rammeplan bli utarbeida.